



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

Høyanger 15.03.24

## Protokoll møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Torsdag 14.03.2024. kl.10.00 på Høyanger kyrkjekontor.

### Til stade:

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø,  
Terje Søreide og Sissel Sørebø, Frode Merkesvik, Andreas Ester.*

**Meldt forfall:** Kjersti J. Søreide

### Kopi av innkallinga går til:

*Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Heike Müller, Eldrun Nordahl,  
Torunn Styve, Kjersti J. Søreide, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse.  
Inger Cesilie Fitje, M Ali Kharrat, Petter Sortland, Ørjan Haram v/ postmottak Høyanger kommune.*

## Sakliste:

### Opning av møtet:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 01.02.23.**
  - Innkalling og møteprotokollen vart godkjent
  - Saklista vart godkjent med ei ny vedtakssak: 011/24 **Søknad frå Høyanger sokneråd om midlar til vedlikehald av Høyanger kyrkje.**
  - Til dagsorden vart det godkjent at ein tok vedtakssakene først, sidan nokre måtte gå tidlegare frå møtet.
- **Soknepresten** tok utgangspunkt i søndagens tekst. Søndag er det Marias bodskapsdag og teksta er Marias lovsong. Marias bodskapsdag står som kyrkja sin kvinnedag og er naturleg nok 9 mnd før jul. Evangeliet skildrar det som frå sjokk til lovsong. Lovsangen er skriven som salmane i Salmane si bok. Den har mange referansar til desse. Den er skriven på gresk, men har med seg ein hebraisk grammatikk, ved at den er skriven i fortid, men eit innhald som og er framtid. På hebraisk språk er fortid og framtid same form. Slik smeltar fortid og framtid saman – Gud gjorde storverk og Gud skal gjere store verk i framtida.

### Meldingssaker:

#### 004 Verdiåret 2024

I samband med 1000-årsjubileet for Kristenretten som vart avtala på Moster i 1024 etter initiativ frå Olav Haraldsson – seinare Heilag Olav, og 750-års jubileet til Magnus Lagabøter si Landslov av 1274, har den Norske kyrkja utnemnt året 2024 til «Verdiåret». Andreas Ester og kyrkjeverja jobbar med å få til ei lokal markering av dette. Det vil tidlegast bli i slutten av mai.

**005 Møteverksemd våren 2024.**

Leiar orienterte kort om to digitale møter, som alt er avvikla. Eit møte i Bergen i regi av Arbeidsgjevarorganisasjonen KA i april vil leiar og kyrkjeverja delta på.

**006 Kyrkjeverja har ordet**

Om økonomien og sluttføring av rekneskapen

**Vedtakssaker:**

**005/24 Utlysing av stilling som kyrkjemusikar/organist/kantor.**

Moment som kom til i høve utlysingsteksta:

- Samarbeid med lokale musikalske krefter.
- Fleksibilitet vil bli verdsett
- Viktig at utlysinga vekker interesse
  - Meir om arbeidet til kyrkja i Høyanger kommune
  - Informasjon om heile kommunen – ikkje berre kommunesenteret.
  - Mindre «Google-fakta» om kommunen

**Vedtak:**

**HKF vedtek å lyse ut inntil 100% stilling som organist / kyrkjemusikar.**

**Kyrkjeverja får fullmakt til å justere utlysingsteksten ut frå drøftingane i fellesrådet.**

**Søknadsfristen vert sett til seinast: 15.05.2024.**

**Samrøystes**

**006/24 Tilsetjingsutval for kyrkjemusikar/organist/kantor.**

**Vedtak:**

**Tilsetjingsutval i denne saka vert:**

**Ein representant frå fellesrådet, kyrkjeverja, presten og ein tillitsvald.**

**For instrumentfagleg/praktisk prøve kan ekstern kantor leigast inn.**

**Samrøystes**

**Til dagsorden:** Her gjekk ein til sak 10 og 11 før ein fortsette med sak 7.

Etter handsaminga av sak 7 valde Frode Merkesvik å gå frå møtet.

Etter handsaminga av vedtakssakene valde Torsten Müller å gjere det same.

Fellesrådet var i utgangspunktet fulltallig, og framleis også etter dette vedtaksføre.

**007/24 Godkjenning av avtalar for tilkallingsvikarar for kantor.**

**Vedtak:**

**Oppdragsavtalane for organistvikarane vert tekne til vitande slik dei føreligg.**

**Samrøystes**

**008/24** **Markering av kantor sitt avslutta arbeidsforhold.**  
Kantor har gjeve tilbakemelding om at ho ynskjer ei avslutningsmarkering ei av helgene i siste del av juni.  
Her vil ho halde ein liten konsert i Kyrkjebø kyrkje og avslutte med ein enkel kaffistund

**Vedtak:**

**HKF oppmodar Kyrkjebø sokneråd om å stå for planlegging og gjennomføring av eit arrangement i tråd med Gerda Otterstein sitt ynskje.**

**Kyrkjeverja ordnar med gåve.**

**Samrøystes.**

**009/24** **Konsert med Abram Bezuijen.**  
Bezuijen har stadfesta at kulturrådet yter stønad, og turnèen vert gjennomførd.

**Vedtak:**

**Høyanger sokn vert oppmoda om å vere praktisk arrangør av mogeleg konsert med Abram Bezuijen i Høyanger kyrkje våren -24. Dette i nært samarbeid med han.**

**Dersom arrangementet går med økonomisk underskot garanterar HKF for ein sum på inntil kr 4.500,- som samsvarar med den summen Bezuijen nemner i sitt tilbod.**

**Samrøystes.**

**010/24** **Søknad frå Kyrkjebø sokneråd om refusjon av utlegg på gravplassen.**

Møteleiar i denne saka var nestleiar Terje Søreide, og tilråding i saka vart framlagt av kyrkjeverja. Kyrkjebø sine representantar deltok ikkje i handsaminga av denne saka.

**Vedtak:**

**Høyanger kyrkelege fellesråd (HKF) ser positivt på at Kyrkjebø Sokneråd har gjennomført arbeidet i tråd med søknad.**

**HKF vil så snart som mogeleg refundere utgiftene i tråd med søknad.  
Refusjonstidspunktet er basert på dei økonomiske rammene samt prioriteringa i vedlikehaldsplanen.**

**HKF vil halde Kyrkjebø Sokneråd orientert om prioriteringar og tidsramma.**

**Samrøystes**

**011/24** **Søknad frå Høyanger sokneråd om midlar til vedlikehald av Høyanger kyrkje**

Møteleiar i denne saka var nestleiar Terje Søreide, og tilråding i saka vart framlagt av kyrkjeverja. Høyanger sine representantar deltok ikkje i handsaminga av denne saka.

Det kom inn ei tilleggsopplysning om at Torsten Müller får tilgang til gratis lift til dette arbeidet, hos sin arbeidsgivar Per A. Øren.

**Vedtak:**

**Høyanger kyrkjelege fellesråd ser positivt på tiltaket som Høyanger Sokneråd planlegg i tråd med søknad.**

**HKF vil så snart som mogeleg refundere dei faktiske utgiftene til leige av lift og materialkjøp (maling). Kyrkjeverje får fullmakt til å godkjenne kostnadsramma før arbeidet startar.**

**Refusjonstidspunktet er basert på dei økonomiske rammene samt prioriteringa i vedlikehaldsplanen.**

**Samrøytes**

Fellesrådet har vedteke som hovudregel at møta blir 2. torsdag i månaden.

**Men sidan kyrkjeverja er oppteken denne dagen, må det skyvast til tysdag 16.april.**

Protokoll ført av:

*Stig Jonny Fitje*

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd